



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

- 7 JAN 2014

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Olav Lofthus - 55516212

Vår referanse:
2011/189831-004

Dykkar referanse:
200709175-181

Vår dato:
20.12.2013

Regional plan for framtidig lokalisering av godshamn i Bergensområdet - høyring av forslag til revidert planprogram

Statens vegvesen gir med dette uttale til revidert planprogram for framtidig godshamn i Bergensområdet. Vi har følgjande merknader:

Føringar og rammer for planarbeidet

Som påpeika i planprogrammet må planarbeidet på eit mest mogleg objektivt grunnlag avklare kva behov, funksjonar og dimensjoneringskriteriar som bør leggjast til grunn for framtidig godshamn.

Behov og krav til framtidig godshamn

Planarbeidet må avklare grunnlag og behov for å samlokalisere hamnefunksjonar med andre aktivitetar knytt til godstransport/logistikk. Etter vårt syn er det viktig at ein grundig utgreiar vidare behov og konsekvensar av samlokalisering mellom godsterminal og hamn. Statens vegvesen vil vidare framheve at godshamn (og godsterminal) er avhengig av tilknytning til eit kapasitetssterkt vegnett for effektiv framføring/distribusjon. Vurdering av den landbaserte transporten må vere ein sentral del av planarbeidet.

Lokaliseringsalternativ

Det er viktig at alle lokaliseringsalternativ vert handsama likt, med balansert og likeverdig fokus og innsats for å utvikle/optimalisere løysingane som vert utgreia. For kombinasjonsalternativet vil det særleg vere avgjerande å avklare rolle- og volumfordeling mellom Dokken, Ågotnes og Mongstad. Fullverdig konsekvensutgreiing må gjennomførast for alle alternativ.

Organisering

Statens vegvesen stiller seg bak det skisserte opplegget til organisering, der vi vil delta i fagleg arbeidsgruppe.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing:

Behovet for oppdatert kunnskapsgrunnlag er greitt omtala i utkastet til planprogram.

Framlegg til utgreiingstema/tilleggsutgreiingar meiner vi langt på veg er dekkjande, men har nokre merknader til lista med utgreiingstema:

- Så langt vi kan sjå manglar utgreiingstema «Naturressursar». Det er bra at jordvern vert synleggjort som eige tema, men KU må også omfatte andre naturressursar som td. sjø/oppdrett (grunnlag for næring), fiskeplassar, vassressursar, vasskvalitet, mineralførekomstar, mv.
- For tema «Bustadområde og nærmiljø» er det viktig at KU i tilstrekkeleg grad også omfattar naudsynte tilførselsanlegg og vegtilkoplingar til hamnealternativa. Særleg for Fleslandsalternativet kan det vere utfordrande å handtere/avgrense dersom samlokalisering med godsterminal vert lagt som premiss for alternativet. Tilførselsspor for jernbane vil ha potensielt store verknader langt utanfor planområdet.
- I forhold til transport- og miljø/klimakonsekvensar er det vesentleg at også den tilhøyrande landbaserte transporten/distribusjonen vert inkludert. Så langt vi kan sjå er dette ivareteke i planprogrammet.
- For tema «Landskap» er det kome ei ny landskapsklassifisering for Hordaland som bør leggjast inn som overordna premiss for dette temaet.
- Tema «Naturmangfald» bør utvidast til «Naturmangfald/Naturmiljø»
- «Samisk natur og kulturgrunnlag» vil automatisk vere ein del av utgreiingstema «Kulturminne og naturmiljø», og kan eventuelt slåast saman med det.

Statens vegvesen ynskjer lukke til med vidare planarbeid, og ynskjer å bidra til ein god prosess.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing



Olav Finne
avdelingsdirektør

Olav Lofthus